

Sensorrettleiing KULH2081, hausten 2019

Oppgåve 1

Oppgåva er krevjande, ettersom ho handlar om eit omgrep, «skikken». Omgrepet har vori gjennomgåande for mange av forelesingane i semesteret, og studentane har difor mykje materiale å hente frå. Forelesingar er også gjort tilgjengelege i Canvas. Omgrepet var også del av kvalifiseringsoppgåvane dei fekk. Oppgåva opnar i tillegg for at studentane kan trekke inn annan relevant litteratur. Sensor må da vurdere korleis litteraturen høver for diskusjonen og korleis studentane gjer seg nytte av han.

Det er avgjerande at studentane viser korleis Eilert Sundt brukte omgrepet, og gir døme på korleis arbeidet hans har vorte nytta i kulturhistoria, som omgropa «byggeskikk», «draktskikk» og/eller «soveskikk». Det tel positivt om studentane finn fleire døme i kulturhistorisk litteratur, men det er viktigare å syne korleis omgrepet blir brukt enn å ramse opp mange døme.

I siste del av oppgåva, der dei får høve til å gje innspel til korleis omgrepet blir brukt i dag, har diskusjonane i undervisinga særleg teke føre seg «skikken» som eit empirisk omgrep – eit omgrep som skildrar og samanfattar eit kjeldemateriale. Andre moment som har vore framme, er korleis ein som forskar kan få tilgang til dei normative elementa i ein skikk. Omgrepet har også vore drøfta opp mot Aktør-nettverk-teori og Bruno Latour sin diskusjon av «vane».

Siste del av oppgåva krev altså ikkje ein tydeleg konklusjon, men er meir oppteken av om studentane evner å drøfte stoffet dei har tileigna seg.

Oppgåve 2

Oppgåva er godt dekt opp i pensum, med eit utdrag av Ingun Grimstad Klepp si bok, som også er tilgjengeleg som klassesett for utlån. I tillegg står to relevante artiklar på pensum, ein om bruk av klede og ein om metodar for å undersøke klede med eit materialitetsperspektiv. Emnet er dessutan introdusert gjennom ei eiga forelesing. Det er også rom for å gå utanfor pensumlitteraturen for å løyse oppgåva.

I tillegg har heile emnet handla om korleis ulike tema kan analyserast med materialitetsperspektiv. Dette gjev rom for å trekke vekslar på eit større emnemessig tilfang for å forstå koplingar mellom materialitet og klede.

Oppgåva gjev dessutan høve til å kople temaet mot dagsaktuelle klimaspørsmål, slik både pensum og forelesing har gjort. Det vil styrke ei oppgåve om studenten evner å trekke opp denne typen diskusjon.